

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Møterom 457 Nordhordland i 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 04. – 05.04.2016  
**Tidspunkt:** 04.04.16 kl. 10:00 – 15.10 og 05.04.16 kl. 09.15 – 11.00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Terje Kollbotn, kom dag 2 kl. 9.35	Medlem	R
Åse Gunn Husebø, dag 1	Medlem	A
Sara Økland, kom dag 1 kl. 10.25	Medlem	FRP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Åse Gunn Husebø, dag 2	Medlem	Ap

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Lars Åge Kjærland	Inge Reidar Kallevåg	H
Olav Magnus Hammer, dag 2	Åse Gunn Husebø	Ap

---

**Merknader**

Kristian Helland leia møtet

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Helge Roald Johnsen	Partner, Deloitte, PS 21/16, 30/16 og 44/16 på dag 2
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor, Deloitte, dag 2
Line Margrethe Johansen	Forvaltningsrevisor, Deloitte, dag 1
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor, Deloitte, dag 1
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor, Deloitte, dag 2
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Sekretariat for kontrollutvalet

Kristian Helland  
fung. utvalsleiar

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Sakliste**

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 19/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 20/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 21/16	Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Fylkesrådmannen orienterer om status	2014/10498	
PS 22/16	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte I	2015/11179	
PS 23/16	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte I	2015/11183	
PS 24/16	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Revisjonsrapport	2015/943	
PS 25/16	Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Timeforbruk	2015/943	
PS 26/16	Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar - Status i arbeidet	2015/8847	
PS 27/16	Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Status i arbeidet	2015/8849	
PS 28/16	Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del II - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/2073	
PS 29/16	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland" - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 30/16	Godkjenning av prosjektrekneskap Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribygge og varmeanlegg	2016/2768	
PS 31/16	Forvaltningsrevisjon av skuleskyss - Status i arbeidet ved Deloitte	2015/8848	
PS 32/16	Oppfølging - Selskapskontroll av fastlandssamband Halsnøy	2014/14567	
PS 33/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular	2014/10533	
PS 34/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær	2014/16413	
PS 35/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll	2014/10535	
PS 36/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon tilskotsforvaltning på kulturfeltet	2014/10537	
PS 37/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av fagopplæring	2014/862	
PS 38/16	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet	2014/16411	
PS 39/16	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid"	2014/24576	
PS 40/16	Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune	2016/2596	
PS 41/16	Rekneskapsresultat 2015 for kontrollutvalet	2014/10498	
PS 42/16	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 43/16	Referatsaker		
RS 10/16	Saksprotokoll frå TING 8.3.16 forvaltningsrevisjon av NDLA	2015/2073	
RS 11/16	Saksprotokoll frå TING 8.3.16 forvaltningsrevisjon kunstnarbustad i Spania	2015/5589	

RS 12/16	Vedtak frå TING 9.3.16 om finansforvaltninga 2015	2014/10498
RS 13/16	Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. februar 2016	2015/10348
RS 14/16	Partsbrev - Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging kontrollutvalet i Voss	2014/14570
RS 15/16	Eidfjord kontrollutvalet partsbrev PS 0816 Selskapskontroll Hardangerbrua AS - Oppfølging	2014/14570
RS 16/16	Kvam kontrollutvalet Partsbrev PS 816 Selskapskontroll av Hardangerbrua AS - Oppfølging	2014/14570
RS 17/16	Ullensvang kontrollutvalet partsbrev sak Selskapskontroll av Hardangerbrua AS	2014/14570
RS 18/16	Invitasjon til FKT-fagkonferanse på Gardermoen 7. - 8.6.16	2014/10539
RS 19/16	Fylkesskatt januar og februar 2016	2015/12603
RS 20/16	Vedtak frå TING om - Det regionale folkevalde nivå - Status og oppfølging	2016/3311
PS 44/16	Eventuelt	

## **PS 19/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

## **PS 20/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Vedtak**

Møtebok frå forrige møte vart samrøystes vedteke.

## **PS 21/16 Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar - Fylkesrådmannen orienterer om status**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Saka vart drøfta og det kom m.a. fram at det bør takast omsyn til ferie og høgtider når det gjeld frist for når dokumentasjon skal sendast til Deloitte for attestasjon. Vidare bør det i tabellen i vedlegget inn ei kolumne som angjev frist for innsending til Deloitte. Det kom også fram at fleire aktuelle prosjekt ikkje er med i oversikten.

Kontrollutvalet slutta seg til at Deloitte tek kontakt med økonomisjef Nils Vetlesand for å drøfte bebringar i rutineane i tråd med det som går fram over. Redigert versjon av rutineane vert å sende sekretariatet slik at det kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte. Utvalet ber også om at fylkesrådmannen kjem i møte 2.5.16 for å presentere den redigerte versjonen av rutineane.

På bakgrunn av dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak

#### **Vedtak**

1. Deloitte tek kontakt med økonomisjef Nils Vetlesand for å drøfte betringar i rutineane i tråd med det som kom fram i møtet.
2. Redigert versjon av rutineane vert å sende sekretariatet slik at det kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte.
3. Fylkesrådmannen vert beden om å komme i møte 2.5.16 for å presentere den redigerte versjonen av rutineane for kontrollutvalet.

## **PS 22/16 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte I**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisorane Birte Bjørkelo og Line Margrete Johansen frå Deloitte leia prosessmøte 1 med kontrollutvalet i samband med analysearbeid som skal leggjast til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

## **PS 23/16 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte I**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

#### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisorane Birte Bjørkelo og Line Margrete Johansen frå Deloitte leia prosessmøte 1 med kontrollutvalet i samband med analysearbeid som skal leggjast til grunn for forslag til plan for selskapskontroll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

## **PS 24/16 Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget styret syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte selskapskontrollen av Hardanger AKS AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Spørsmål om ev. presentasjon av revisjonsrapporten for fylkestinget vert å komme attende til i neste møte i kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget styret syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 16 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 25/16 Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Timeforbruk**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 125 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 252 timar for dette prosjektet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte orienterte om årsaka til naudsynt auke i timetalet i samband med selskapskontroll av Hardanger AKS AS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 125 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 252 timar for dette prosjektet.

**PS 26/16 Forvaltningsrevisjon regionale utviklingsmidlar - Status i arbeidet****Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016****Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte gav ein kort presentasjon om resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av regionale utviklingsmidlar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Papirversjon av revisjonsrapporten vart delt ut i møtet og vert lagt fram til endeleg handsaming i møte 2.5.16.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**PS 27/16 Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Status i arbeidet****Forslag til vedtak**

1. Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan .....2016.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016****Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det er på det noverande tidspunkt uklart når revisjonsrapporten kan leverast.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**PS 28/16 Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del II - Status i arbeidet ved Deloitte****Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av NDLA II og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Møtet vart lukka under delar av orienteringa med heimel i kommunelova § 31.3.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 29/16 Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland" - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av innkjøp i vidaregåande skular og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 30/16 Godkjenning av prosjektrekneskap Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribygge og varmelegg**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Uttale**

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisebilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.

## **PS 31/16 Forvaltningsrevisjon av skuleskyss - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016

### Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Birte Bjørkelo frå Deloitte presenterte status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av skuleskyss og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

## PS 32/16 Oppfølging - Selskapskontroll av fastlandssamband Halsnøy

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at **fylkesrådmannen** kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS innan 30.6.16.
2. Kontrollutvalet ber om at **Fastlandssamband Halsnøy AS** kjem med nytt svar på denne selskapskontrollen med frist 30.6.16. I dette svaret ber ein også om å få tilsendt dokumentasjon som viser kva som er gjort for å gjennomføre tilrådingane, eventuelt kva som skal gjerast seinare og i tilfelle når det skal gjerast.

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016

### Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at **fylkesrådmannen** kjem med nytt skriftleg svar på dei tre punkta i vedtaket når det gjeld selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS innan 30.6.16.
2. Kontrollutvalet ber om at **Fastlandssamband Halsnøy AS** kjem med nytt svar på denne selskapskontrollen med frist 30.6.16. I dette svaret ber ein også om å få tilsendt dokumentasjon som viser kva som er gjort for å gjennomføre tilrådingane, eventuelt kva som skal gjerast seinare og i tilfelle når det skal gjerast.

## PS 33/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular på tiltakspunkta 1a-b, 2 a-b, 3 c, 6 a, 8 c-d og 9 b-f i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016

### Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status når det gjeld forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular på tiltakspunkta 1a-b, 2 a-b, 3 c, 6 a, 8 c-d og 9 b-f i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.



## **PS 34/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av sjukefråvær**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at Hordaland fylkeskommune har sett i gang mange positive prosessar for å få på plass forbetringane som kom fram i forvaltningsrevisjonen av sjukefråvær. På bakgrunn av dette seier utvalet seg nøgd med oppfølginga som er gjort så langt og med dei planane som ligg føre for å få på plass dei punkta som ikkje er ferdig. Kontrollutvalet ønskjer Hordaland fylkeskommune lukke til med det vidare forbetningsarbeidet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at Hordaland fylkeskommune har sett i gang mange positive prosessar for å få på plass forbetringane som kom fram i forvaltningsrevisjonen av sjukefråvær. På bakgrunn av dette seier utvalet seg nøgd med oppfølginga som er gjort så langt og med dei planane som ligg føre for å få på plass dei punkta som ikkje er ferdig. Kontrollutvalet ønskjer Hordaland fylkeskommune lukke til med det vidare forbetningsarbeidet.

## **PS 35/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon HMT og internkontroll**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll når det gjeld punkta 5, 6, 8, 9, 10, 17, 22, 23, 25, 28, 35, 36, 38, 39 og 40 i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan HMT og internkontroll når det gjeld punkta 5, 6, 8, 9, 10, 17, 22, 23, 25, 28, 35, 36, 38, 39 og 40 i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

## **PS 36/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon tilskotsforvaltning på kulturfeltet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltninga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltninga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.

## **PS 37/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av fagopplæring**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

## **PS 38/16 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon samhandling på vegområdet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at Hordaland fylkeskommune har sett i gang mange positive prosessar for å få på plass forbetringane i punkt 1, 3 og 4 som kom fram i forvaltningsrevisjonen av samhandling på vegområdet. På bakgrunn av dette seier utvalet seg nøgd med oppfølginga som er gjort så langt og med dei planane som ligg føre for å få på plass dei punkta som ikkje er ferdig. Kontrollutvalet ønskjer Hordaland fylkeskommune lukke til med det vidare forbetningsarbeidet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet registrerer at Hordaland fylkeskommune har sett i gang mange positive prosessar for å få på plass forbetringane i punkt 1, 3 og 4 som kom fram i forvaltningsrevisjonen av samhandling på vegområdet. På bakgrunn av dette seier utvalet seg nøgd med oppfølginga som er gjort så langt og med dei planane som ligg føre for å få på plass dei punkta som ikkje er ferdig. Kontrollutvalet ønskjer Hordaland fylkeskommune lukke til med det vidare forbetningsarbeidet.

## **PS 39/16 Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon av "Rusførebyggande arbeid"**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.
2. På bakgrunn av at forslag til nye retningslinjer for rusførebyggande arbeid skal vera ferdig politisk handsama i løpet av juni ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular.
2. På bakgrunn av at forslag til nye retningslinjer for rusførebyggande arbeid skal vera ferdig politisk handsama i løpet av juni ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 1.9.2016.

## **PS 40/16 Informasjons- og mediestrategi for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg i hovudsak til innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyransje operasjonisering, som ligg føre.
2. Sekretariatet vert beden om gjera naudsynte endringar i teksten, i tråd med dagens situasjon, og i tråd med signal frå kontrollutvalet som kjem fram i dette møtet.
3. Sekretariatet vert også beden om å syta for at informasjon om kontrollutvalet på Hordaland.no, og på fylkeskommunen sitt intranett, vert oppdatert i tråd med operasjoniseringa.
4. Forslag til revidert informasjons- og mediestrategi, med tilhøyrande operasjonisering, vert å leggje fram for kontrollutvalet i møte 31.8.16.
5. Sekretariatet vert i det same møtet beden om å presentere for utvalet det som ligg på Hordaland.no og intranett om kontrollutvalet.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Kontrollutvalet vart samde om å sette opp ei sak på saklista i kvart møte som går på om noko skal gjerast i høve media med nokre av sakene som er handsama.

Med dette tillegget vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet sluttar seg i hovudsak til innhaldet i den informasjons- og mediestrategien, med tilhøyransje operasjonisering, som ligg føre.
2. I siste sak på saklista til kvart møte skal det vurderast om nokre av sakene skal førebuast for oversending til media.
3. Sekretariatet vert beden om gjera naudsynte endringar i teksten, i tråd med dagens situasjon, og i tråd med signal frå kontrollutvalet som kjem fram i dette møtet.
4. Sekretariatet vert også beden om å syta for at informasjon om kontrollutvalet på Hordaland.no, og på fylkeskommunen sitt intranett, vert oppdatert i tråd med operasjoniseringa.
5. Forslag til revidert informasjons- og mediestrategi, med tilhøyrande operasjonisering, vert å leggje fram for kontrollutvalet i møte 31.8.16.
6. Sekretariatet vert i det same møtet beden om å presentere for utvalet det som ligg på Hordaland.no og intranett om kontrollutvalet.

## **PS 41/16 Rekneskapsresultat 2015 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsresultatet for 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Roald Breistein frå sekretariatet presenterte rekneskapsresultata for 2015 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rekneskapsresultatet for 2015 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

## **PS 42/16 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møtebøkene til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- Fylkestinget 08.03. – 09.03.2016
- Fylkesutvalet 24.02. og 08.03.2016
- Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.02. og 16.03.2016
- Utval for opplæring og helse 10.02., 08.03. og 10.03.2016
- Utval for miljø og samferdsel 10.02. og 10.03.2016

Protokollane frå utval for opplæring og helse vert utsett til neste møte.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Protokollane frå utval for opplæring og helse vert utsett til neste møte.
2. Kontrollutvalet tar møtebøkene elles til orientering.

## **PS 43/16 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

#### **Vedtak**

### **RS 18/16 Invitasjon til FKT-fagkonferanse på Gardermoen 7. - 8.6.2016**

Dei av dei faste medlemmene som ønskjer det, kan delta på denne konferansen. Det kan gjerast ved å ta kontakt med sekretariatet som vil syte for påmelding og bestilling av flybilletter. Kristian Helland signaliserte allereie i møtet at han ønskjer å delta.

Dei andre referatsakene vart tekne til orientering.

## **PS 44/16 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.04.2016**

#### **Handsaming i møte**

Deloitte orienterte om muleg interessekonflikt i høve busselskap som fylkeskommunen har avtale med. Deloitte innkallar til eit møte for drøfting av dette temaet der fylkesrådmannen, Skyss, sekretariatet og Deloitte deltar. Deloitte lagar eit notat på bakgrunn av det som kjem fram i møtet. Notatet vert å leggje fram til neste møte i kontrollutvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. På bakgrunn av det som går fram over lagar Deloitte eit notat som skal leggjast fram til neste møte i kontrollutvalet.
2. Det kom elles ikkje noko fram under dette punktet.